



Jan Brynjulf Thorsheim
Vassbygdvegen 458
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6325 - 19/29662

Saksbehandlar:
Astrid Aarhus Byrknes
ordforar@lindas.kommune.no

Dato:
07.10.2019

Til grunneigarutvalet for Storavatn

Eg viser til møte 4. september 2019 kor ulike forhold når det gjeld Storavatnet blei tatt opp. Administrasjonen har i ettertid gitt meg ei grundig orientering og eg vil svare på dei spørsmåla de hadde i møtet.

Ad. avtaleutkast

Det viser seg at kommunen allereie har gitt ei tilbakemelding når det gjeld punktene 13 og 14 i avtaleutkastet som er oversendt frå dykkar advokat. Det kan i den forbindelse visast til e-post frå kommunen v/advokat Grande, datert 5. juli 2019.

Ad. regulering av HRV til maks 20,80 ved perioder med større nedbørsmengder

Kommunen har også her gitt til kjenne sitt syn overfor grunneigarane, seinast oppsummert i e-post frå advokat Grande den 5. juli 2019. Eg forstår administrasjonen slik at de har fått ei orientering om kommunen si regulering gjennom advokat Grande sin e-post og brev av henholdsvis 17. september og 2. november 2018.

Kommunen meiner at vatnet vert regulert på ein god måte innanfor dei reguleringsrettar kommunen har. Eg registrerer imidlertid at de som grunneigarar er usamde i kommunen si vurdering, men slik vil det av og til vere.

Oppsummert så forstår eg at der er usemje, men det er vanskeleg for meg å gå inn i det faglege her, det har eg ikkje kunnskap om. På møte eg vil invitere dykk til, så får administrasjonen gå igjennom dette som har med regulering av vatnet å gjera.

Ad. fisketrapp

Også dette temaet er berørt i e-post av 5. juli 2019 frå kommunen v/advokat Grande.

Eg tenkjer det er naturleg at kommunen etterspør ei fagleg vurdering av dette, om det er naudsynt og forsvarleg å etablere ei fisketrapp. Eg er blitt informert om at all den tid fisketrappa ikkje er bygd så legg dagens regelverk opp til ein omfattande prosess for å få avklart om det p.t. er naudsynt og forsvarleg å etablere denne fisketrappa. Prosessen må gjennomførast og avklaring skje

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



ut i frå dagens situasjon, uavhengig av om det føreligg tidlegare kommunale vilkår og vedtak for slik etablering.

Ad. vassledning til Kløve gjennom Storavatnet

Etter ein grundig gjennomgang frå administrasjonen, er det ikkje haldepunkt for at grunneigarane ikkje er varsla om tiltaket. Det er vidare dokumentert for meg at kommunen har naudsynte grunneigar avtaler.

Det er riktig at det blei utført ei sprengning i Storavatnet ved framføring av vassledningen til Kløve. Etter det eg har fått opplyst var det ei salve av ein beskjeden karakter. Dersom grunneigarar har hatt ulempe av dette, så ber eg om at det vert sendt ei formell klage på det og kva ulempene har medført.

Ad. referanse om utvikling av området i henhold til skjønn av 1983

Det var ikkje heilt lett å få tak i kva som var grunneigarane sine spørsmål her.

Det som er opplyst for meg kan seiast er at eigedommane kan utviklast innanfor rammene av skjønnet i 1983 og i tråd med det til ei kvar tid gjeldande lovverk. Samstundes er det viktig at kommunen fører ein restriktiv politikk i området, nettopp med tanke på at kommunen si hovud drikkevasskjelde er nærmaste nabo og at lovverket stadig innsnevrar handlingsrommet man har i slike områder.

Håper dette var avklarande, så får ein koma attende til spørsmåla når vi møtes.

Eg vil med dette invitere til nytt møte slik vi var samde om MANDAG 21.oktober kl 14 på rådhuset i Knarvik.

Med helsing

Astrid Aarhus Byrknes
ordfører

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Christian Morvik	Vassbygdvegen 806	5912	SEIM
Jan Brynjulf Thorsheim	Vassbygdvegen 458	5912	SEIM